

ÅRSMELDING 2019



Styret i 2019

Leiar:	Kolbjørn Bergseth	Revisor:	Gunnar Løland
Kasserar:	Marloes Vos	Valnemnd:	Björg Ladehaug
Sekretær:	Borgny England Slagstad	Medlem:	Ester Skei Klausen
Varamedlem:	Hildur Smådal	Medlem:	Åse Kjæland
		Varamedlem:	Jorunn H. Johnsen

Medlemmer

Ved slutten av 2019 har vi 80 aktive medlemmer som har møtt jamleg kvar veke.

Det har vore kurs kvar torsdag og fredag med to grupper kvar dag. Ved inndeling av gruppene har ein prøvd å ta omsyn både til kompetansen til deltakarane og deira ønskje. Gruppene har 2 t undervisning pr dag.

75 medlemmer har i 2018/2019 betalt kursavgift/medlemskontingent til Seniornett Førde. Av desse er 21 nybegynnarar.

Det har fleire gonger vore drøfta at vi er sårbare ved at vi har berre to instruktørar. Men heller ikkje i år har det lukkast å få rekruttert fleire.

Innholdsliste

[Styret 2019](#) 1

[Medlemmer](#) **Feil! Bokmerke er ikke definert.**

[Styrearbeid og aktivitetar](#) **Feil! Bokmerke er ikke definert.**

[Digital Festival](#) 2

[Prosjektmidlar](#) 3

[Samarbeid regionalt og sentralt](#) 3

[Instruksjon og opplæring](#) **Feil! Bokmerke er ikke definert.**

[Vårsemesteret](#) **Feil! Bokmerke er ikke definert.**

[Haustsemesteret](#) **Feil! Bokmerke er ikke definert.**

[Undervisningsmateriell](#) **Feil! Bokmerke er ikke definert.**

[Programvare](#) **Feil! Bokmerke er ikke definert.**

Styrearbeid og aktivitetar

Det er gjennomført 5 styremøte og behandla 27 saker.

Referat frå styremøta ligg på lokalsida til Førde Seniornett. Der har vi lagt ut litt info om sjølve foreininga, alle dei detaljerte rettleiingane frå «Egils reviderte», våre vedtekter, referat frå styremøta, årsmeldingar og styresamansetning. Det er også lagt til ei lenke til vår Facebook-side.

Lokalsida til Seniornett Førde finn ein ved søke på 'Seniornett Førde', eller ved å logge inn på Seniornett Norge og gå inn på lokallaga.

Digital festival

Digital festival vart tidlegare kalla Seniorsurf. Digital festival er eit gratis arrangement og vert arrangert på hausten. På landsbasis har Seniorsurf hatt lite frammøte, difor blir eit nytt opplegg prøvd ut. Digital festival er eit samarbeid mellom Førde Seniornett, Førde Bibliotek og Førde Friskliv og Frivilligsenter.

- ✓ Monrad Kolstad , FS, ønska velkommen
- ✓ Ingebjørg Nomeland hadde eit musikkinnslag
- ✓ Egil Nestande, FS, orienterte om Førde Seniornett
- ✓ Aud Berit Ness, FS, fortalde om å vere ny nettbrukar
- ✓ Iren Riksheim Østvik, Førde bibliotek, orienterte om å lese bøker på mobil
- ✓ Terje Gilleshammer, distriktsredaktør NRK, hadde temaet 'Mobil fyrst'
- ✓ Camilla Søvik, Frisklivskoordinator Førde Kommune (2019) orienterte om 'Friskus', ny nettside for aktivitetar- og om Bluetooth for nybyrjarar
- ✓ Sparebanken Sogn og Fjordane viste ulike banktenester **på nett**
- ✓ Ellen Jensen, stabsleiar service Sunnfjord kommune, orienterte om digitale tenester i nye Sunnfjord kommune
- ✓ Kolbjørn Bergseth, FS, avslutta festivalen

Som vanleg var det enkel servering i pausen

Arrangementet rekrutterer ofte fleire medlemmer til Førde Seniornett.

Internetkafe

1.mars kl.11 arrangerte FS Internetkafe.

Gjesteforelesar Digitaliseringskoordinator Jakob Andre Sandal

Sak: Framtida for digital kompetanse i Sunnfjord kommune

Prosjektmidlar

Seniornett Førde har ikkje søkt Sparebankstiftinga om midlar sidan vi ikkje har sett i gang nye prosjekt i år.

Seniornett Førde har også vore i kontakt med kommunen fleire gonger for at dei skulle søke om prosjektmidlar til dataopplæring for eldre. Kommunaldepartementet hadde ein pott på 3 millionar ein kunne søke på. Kommunen hadde ikkje kapasitet til å søke (i desse tider med kommunesamanslåing).

2 gonger i året kan ein søke VO-midlar i Studieforbundet. Vi fekk stetta søknadane våre.

Frå Norsk Tipping har vi fått inn Grasrotmidlar. Her kan vi alle vere med å bidra ved å registrere Grasrotmidlar til Seniornett Førde.

Samarbeid regionalt og sentralt

Landsmøtet i Oslo 13. og 14.mai

Frå Førde Seniornett møtte: Leiar Kolbjørn Bergset, instruktør Egil Nestande, instruktør Monrad Kolstad (møter for Seniornett Norge) og styremedlem Borgny E. Slagstad.

Landsmøtet vedtok å auke kontingenten i Seniornett Norge til 350 kroner frå 2020. 150 kroner går til lokalforeninga og 200 kroner til Seniornett sentralt.

Sjå Seniornett Norge for meir info om Landsmøtet.

<https://www.seniornett.no/om-oss/landsmoter/>

Instruksjon og opplæring

I tillegg til våre faste instruktørar, Monrad og Egil, har Helge og Marloes vore fast medhjelpar både på opplæring og på meir tekniske ting for medlemmene. Helge er vår «ekspert» når det gjeld å få PC'ane til å virke normalt, og spesielt oppsett av ulike e-postvariantar. Marloes har vore medhjelpar på gruppene både torsdag og fredag og gitt støtteundervisning individuelt eller i mindre grupper til dei som treng ekstra oppfølging .

Vårsemesteret

Egil sette opp forslag til program for våren og forslag til inndeling i grupper.

Gruppene 1 er nybegynnargruppe, gruppe 2-4 er stort sett inndelte etter kompetanse.

I gruppe 1 vart det sett opp eit månadstema kvar månad, i tillegg til ein repetisjonsdag.

Denne gruppa treng sakte progresjon og mykje repetering.

I gruppe 2 vart det sett opp temadagar i tillegg til repetisjonsdagar. På slutten av semesteret fekk kursdeltakarane semesteroppgåve der dei skulle lage invitasjon til våravslutninga. Flott repetisjonsoppgåve.

Gruppe 3 og 4 er ganske like med omsyn til kompetanse og dei har same programmet.

Her er det også sett opp temadagar. Nokre tema dei same som i gruppe 2, andre nye. Det er ulikt kor grundig ein går inn i tema i dei ulike gruppene.

Gruppe 3 og 4 fekk same semesteroppgåva som gruppe 2. Beste forslaget vart sendt som invitasjon til alle medlemmene i Seniornett Førde (SF).

Hautsemesteret

Vi starta haustsemesteret med informasjonsmøte i Viking.

Etter dette møtet hadde vi 21 nye deltakarar. Dette er for stor gruppe av nybegynnarar. Nokre av dei som hadde bra kompetanse vart difor sette opp i andre grupper. Dei andre gruppene vart for store for det lokalet vi har brukt, og det vart difor oppretta ei ny gruppe – gruppe 5.

Monrad og Egil hadde såleis 3 grupper på fredag og hadde undervisning frå kl.10.30 til kl.15.45. For vårsemesteret 2020 vil det igjen bli 4 grupper.

Nytt i haustsemesteret er «Etter kaffitimen». Der kan medlemmene ta opp problem dei dei har/ting dei lurar på. Dette gjer det lettare å komme i gang med tema for timen.

Gjennom heile semesteret har Egil informert gjennom e-post om kva vi skal arbeide med på neste kursdag.

Undervisningsmateriell

Vi tilrår framleis seniornettavisa til innføring i og hjelp med det grunnleggande. Men på den nye nettsida frå 2017 kan alle hente mykje informasjon, m.a. frå «Tips og triks», og ikkje minst frå alle datamanualane som Seniornett Norge har utarbeidd.

I tillegg har Egil utarbeidd grundige rettleiingar til emne vi har hatt på kursa. Desse kan ein finne på nettsida til Førde Seniornett under Egils reviderte.

Lærebøker ut over dette har vi ikkje brukt, men nokre har på eiga hand kjøpt inn slike.

Programvare

Hausten 2018 kjøpte vi 40 nye Office-lisensar gjennom TechSoup, men med bestilling gjennom Joop Cuppen i Seniornett Norge. Å bruke Joop som mellommann fall ikkje heilt heldig ut ved at det gjekk svært lang tid før dei nye lisensane var klare for nedlasting. Dette medførte at vi utover i semesteret kom mykje på etterskot for nybegynnarane i høve til semesterprogrammet. Alle nybegynnarar, som ikkje har dei nyaste Office-versjonane, har fått høve til å kjøpe og installere Office 2016 frå dei nye lisensane.

Møtelokale

Lokala vi disponerer i Brunosten er bra tilfredstillande for våre behov, men det er noko dårleg akustikk. Til tider er det problematisk for alle å komme på nett. Det blir litt trongt i kursrommet når alle møter i dei største gruppene (20 stk). Likeins må vi fordele oss på to bord i kaffistunda når vi er fulltalege. Vi har fått melding om at vi må skaffe nye kurslokale frå hausten 2020.

Når alle gruppene skal samlast, leiger vi ungdomshuset Viking. Dette gjeld årsmøtet, Internetkafe, oppstartsmøtet om hausten, og vår- og haustavslutning (fjørjulsfest) på semestera.

Sosiale opplegg

Vår felles, halv-times kaffipause i sofagruppa ute i gangen/hallen er eit høgdepunkt i kvar gruppe, og noko dei fleste set pris på. Det sosiale er kanskje det viktigaste for mange, etter dei tilbakemeldingane vi har fått. Medan vi sit i sofagruppa tek vi gjerne ein kort repetisjon på det vi har prøvt oss på inne i kursrommet (populært kalla: «Monrads overhøyring»).

Ordninga der ein av deltakarane tek med «noko attåt» til kaffien har vi fortsett med. Dette går på omgang, og er enkelt og praktisk. Vi har fått innspel på at nokre medlemmer kan tenkje seg ei anna ordning. Vi har valt å forsetje som før, men har understreka at ein kan ta med noko enkelt t.d. kjeks. Kaffi/te kokar vi på minikjøkkenet på Brunosten.

Vi hadde som vanleg avslutning av vårsemesteret før påske, og julefest i desember. Då legg vi opp til trivelege gratis samlingar med festpynta lokale, gode kaker, variert underhaldning og blomar til hjelparane. På avslutninga av vårsemesteret var 37 medlemmer til stades. På desse fellessamlingane er Hildur vår gode, strukturerte og punktlege koordinator.

Helsing styret og instruktørane

Kolbjørn, Borgny, Marloes og Hildur
Leiar, skrivar, kasserar og varamedlem



Monrad og Egil
instruktørar

Kolbjørn Bergset
Leiar

Rekneskap

DRIFTSREKNEKAP	Rekneskap 2019		Budsjett 2019	
	Inntekter	Utgifter	Inntekter	Utgifter
Kursavgift	25 850,00		25 000,00	
Programvare + lisensensar	8 700,00		3 500,00	
Kaffipengar	21 681,50		20 000,00	
Tilskot	37 478,45		23 000,00	
Finansinntekter (renter)	55,00		50,00	
Godtgjersle til instruktører for utlegg		26 000,00		25 000,00
Servering		13 914,04		10 000,00
Utstyr		13 750,00		5 000,00
Kopiering		42,50		1 500,00
Drift		2 747,50		4 000,00
Godtgjersle til tillitsvalde		1 200,00		1 500,00
Reiseutgifter		6 230,00		10 000,00
Lokalleige		14 090,00		18 000,00
Andre utgifter		997,40		500,00
Finanskostnader (bankgebyr)		225,00		250,00
Resultat		14 568,51	4 200,00	
Sum	93 764,95	93 764,95	75 750,00	75 750,00
RESULTATKONTO				
Sum inntekter	93 764,95			
Sum utgifter		79 196,44		
Fordringar 31.12.2019	0,00			
Gjeld 31.12.2019	0,00	0,00		
Resultat (overskot)		14 568,51		
Sum	93 764,95	93 764,95		
BALANSEKONTO per 31.12.2019				
	Debet	Kredit		
Eignedelar:				
Bankinnskot 01.01.2019	79 191,15			
Overskot 2019	14 568,51			
Eigenkapital (og gjeld):				
Kreditorar		0,00		
Kapital per 31.12.2019		93 759,66		
Sum	93 759,66	93 759,66		

Grafer



Revisjonsmelding

Rekneskapen er revidert og funnen i orden. Overskot kr. 14.568,51 er tillagt bankkontoen og dette påplussa inngående saldo fra 1. januar 2019 stemmer med saldo på bankkonto ved årets utløp. Revisor er ikkje kjend med uteståande krav eller fordringar. Rekneskapen blir tilrådd godkjend.

revisor

Val 2020

Valnemnda for Førde Seniornett hadde møte 29.01.20.

Tilstades: Bjørg Ladehaug (leder), Ester Skei Klausen (medlem) og Jorunn H. Johansen (varamedlem). Medlem Åse Kjærland har slutta i Seniornett.

Nemnda har følgjande innstilling for 2020:

Styre:

Styreleiar	Odd Skrede	Ny, eitt år
Styremedlem	Borgny England Slagstad	ikkje på val, eitt år att
Kasserar	Marloes Vos	attval ny periode 2 år
Varamedlem	Aslaug Vårdal Igelkjøn	Ny, eitt år
Revisor	Jon Gunnar Løland	Attval, eitt år

Valnemnd:

Leder	Bjørg Ladehaug	Attval, eitt år
Medlem	Ester Skei Klausen	Ikkje på val, eitt år att
Medlem	Jorunn H. Johansen	«ny» - 2 år
Varamedlem	Kari Sandvik	Ny, eitt år

Førde 29 januar 2020

Bjørg Ladehaug (sign)	Ester Skei Klausen (sign)	Jorunn H. Johansen (sign)
--------------------------	------------------------------	------------------------------